



SKISKULE FOR BARN 6-10 ÅR (1. – 4. klasse)



På onsdagar i januar/februar 2026 vil Harpefossen Skiskule tilby skileik og slalåmtrening for nybyrjarar og vidarekomne barn i alderen 6-10 år. Det stillast ikkje krav til erfaring eller skiutstyr, men i skisenteret er det påbod om bruk av hjelm for alle barn. Vi har eit utval av ski til utleige til rimelige prisar i skiutleiga. Hjelmer kan lånast gratis.

Vi har fram møtestad ved Varmestova fyrste dag for registrering av deltakarar og utdeling av startnummer. Skiskulen vil halde til i skileikområdet, med bruk av Din Bustadheisen og Enerskiheisen. NB! Dersom veret og tilhøva elles tillet det, vil vi vere på Furehogane med grilling i bakken siste skuledagen.

Målsettinga med skiskulen er å gje barna skiglede ved å meistre grunnleggjande skiteknikk i eit trivelig og godt miljø, med dyktige og erfarne instruktørar, og ikkje minst å lære seg å bruke heisane våre.

Sjølvsagt er onsdagen ikkje heilt skulefri, så håpar vi at foreldre og barn likevel vil setje av tid til skiskulen. Vi startar opp klokka 13.00 og held på til ca kl 15.30, med ein pause undervegs. Det vil vere open kafe med ein enkel meny.

Transport til og frå Harpefossen må foreldra organisere. Vi vil vere tilstades i området frem til kl. 16.00, slik at henting kan skje frem til da, men vil sjølvstendig vere tilstades til alle er blitt henta. Vi ønskjer også dei av foreldra som kan vere tilstade på skiskulen hjertelig velkomne, spesielt dei foreldra som har barn som er nybegynnarar. Heisane vil vere opne for alle, slik at andre familemedlemmer også kan vere på ski eller brett desse dagane.

Kursdagar:

Onsdag	14.01.2026	Registrering i varmetova frå kl. 12.00. Mål - plogsving, prøve å ta heisen i skileikområdet, (nybegynnarar) svingteknikk og portkøyring, vidarekomne
Onsdag	21.01.2026	Mål – ta heisen - stå på ski ned bakken på eiga hand (nybegynnarar), svingteknikk og løypekøyning (vidarekomne)
Onsdag	28.01.2026	Mål – meistre plogsving (nybegynnarar) løypekøyning, kular og hopp
Onsdag	04.02.2026	Mål – boltre seg i bakken, med kular, hopp og løyper
Onsdag	11.02.2026	Mål – avsluttande skiskule, løypekøyning – grilling i bakken

For å vere førebudd på antalet deltakarar vil vi gjerne ha påmelding på førehand til:
Harpefossen Skiskule, tlf 41 33 57 86 (Jarle) e-post: post@harpefossen.no

NB! Pris for skiskulen:

I år får vi støtte til denne skiskulen frå Gjensidigestiftelsen og Sparebank1 Sogn og Fjordane, slik at vi kan tilby gratis skiskule (inkl heis og grillmat siste skuledag) for alle i aldersgruppa 6-10 år. Vi vil også tilby skiutstyr til leige til ein svært rimelig pris.

Registreringsskjema må fyllast ut på førehand og leverast i Varmestova ved fram møte.

Navn på deltakar: _____ Alder: _____

Adresse: _____ Telefon føresette: _____

Navn mamma/pappa: _____

E-post adresse: _____